

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 5. desember 2016

### Fylkesrådmannen si oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 29/16

Fylkestinget handsama i møte 14.06.16, sak 29/16, Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i saka:

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.
2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.
3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningslinjer for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.

Vedtakupunkt 1 krev ingen særskild oppfølging.

Fylkesrådmannen har tidlegare følgd opp punkta 2 og 3 gjennom FU-sak 86/16 og FT-sak 33/16 (Eigarmeldinga). Eg gjer i dette notatet greie for korleis eg tek sikte på å følgje opp punkt 4 og 5.

#### 1. Punkt 4:

I saksframstillinga til FT-sak 33/16 (Eigarmeldinga) handsama fylkesrådmannen vedtaket i FT-sak 29/16, punkt 4, og kom med følgjande tilråding:

«Eg tilrår ... at det ikkje vert gjort endringar i det fylkestinget allereie har vedteke om opplæring og styrking av kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.»

I Eigarmelding 2015, pkt. 3.3, har fylkestinget vedteke at fylkestingsmedlemene skal ha opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging for å styrke den fylkeskommunale eigar-skapen. Den første opplæringa skal skje innan 6 månader etter fylkestingsvalet. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar. Fylkestinget har sett opp mål for opplæringa i same punkt som mellom anna omhandlar kunnskap om regelverket for eigarstyring og styringsmoglegheiter, korleis eigarkommunikasjon til selskapet skal skje, samt innsikt og auka bevisstgjerjing kring rollene som folkevald, styremedlem og eigarrepresentant.

Fylkestinget vedtok Eigarmelding 2016 i tråd med fylkesrådmannen si tilråding og formuleringa i Eigarmelding 2015, pkt. 3.3, vart ståande uendra. Fylkesrådmannen meiner at dei vurderingar som vart gjort ved handsaminga av Eigarmeldinga 2016 framleis står seg når det gjeld opplæring av alle folkevalde. Det er viktig med ei brei og generell opplæring av alle folkevalde som saman utgjer dei organa i fylkeskommunen som utøver eigarskap.

Når det gjeld kretsen av eigarrepresentantar, stiller det seg annleis. Dette er personar som er valde for å representere fylkeskommunen i eigarorgan i selskap som fylkeskommunen er eigarar av. For desse vil det vere hensiktsmessig med ei ytterlegare styrking av kompetansen, då det vert stilt krav om særleg kunnskap om plikter og rolla dei har som representantar for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen forslår difor følgjande:

- For inneverande fylkestingsperiode går oppfriskingsseminaret for alle folkevalde som planlagt, der seminaret vil ta utgangspunkt i generelle og meir spesielle problemstillingar knytt til offentleg eigarskap. Fylkesutvalet vil få eit notat frå fylkesrådmannen om nærare innhald og omfang i forkant av dette seminaret.
- Som ny rutine får sentrale eigarrepresentantar tilbod om å delta på KS-kurs i eigarrolla. Fylkesrådmannen vurderer at dette bør omfatte fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er andre utover desse som skal få tilbod om slik opplæring, t.d. personar som er eigarrepresentantar for fleire selskap, og liknande. Rutinen vil bli teke inn i neste års eigarmelding, men fylkesrådmannen legg opp til at dei aktuelle eigarrepresentantane får tilbod om slik opplæring dersom det vert sett opp relevante kurs før eigarmeldinga kjem opp for handsaming i oktober 2017.

## **2. Punkt 5, 1. setning:**

Kontrollutvalet handsama i møte 22.11.16, sak 57/16, «Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit – Bestilling». Utvalet gjorde slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Arkiv og offentlegheit» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling.*
- 2. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen som er framlagd etter vurdering av innhaldet i planen.*

Ifølgje bestillingsdokumentet, jf. vedtaket pkt. 1, er føremålet med dette prosjektet å få vurdert fylkeskommunen sine rutinar for offentlegheit og innsyn. Dessutan ønskjer kontrollutvalet «å få vurdert system og rutinar for arkivering og journalføring i høve til gjeldande lover og reglar». Prosjektet skal altså m.a. ta føre seg same problemstilling som fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere i vedtakspunkt 5 i sak 29/16.

Av bestillingsdokumentet framgår at kontrollutvalet ønskjer at leverandøren av forvaltningsrevisjonstenester (Deloitte) skal ferdigstille prosjektet i tide til at det kan handsamast i fylkestinget i juni 2017.

Fylkesrådmannen finn det lite føremålstenleg å vurdere fylkeskommunen sine rutinar for handsaming av ikkje-offentlege dokument m.m., samstundes som Deloitte skal undersøkje nettopp dei same rutinane. Eg legg difor opp til å vente med ev. å sjå nærmare på rutinane til fylkestinget har handsama Deloitte sin revisjonsrapport.

Eg gjer elles merksam på at då eg vart kjend med utkastet til bestilling til Deloitte, skreiv eg i e-post til kontrollsjefen, dagsett 12.11.16, at «(e)g reknar med at de syter for at eit ev. forvaltningsrevisjonsprosjekt som her skissert ikkje overlappar eit eller fleire av oppfølgingspunkta i FT-vedtak 29/16.» Kontrollsjefen opplyste i e-post til fylkesrådmannen 17.11.16 at den nemnde e-posten frå fylkesrådmannen «vert orientert om i utvalet». Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at kontrollutvalet var kjend med problemstillinga.

## **3. Punkt 5, 2. setning:**

Fylkesrådmannen legg opp til at det på politikardagen i mai 2017 vert ei økt med opplæring i offentleglova og reglane om teieplikt i forvaltningslova. Eg kjem nærmare tilbake til fylkesutvalet med opplegget.

**Eg ber om fylkesutvalet sine eventuelle merknader til ovannemnde vurderingar og konklusjonar.**